
Fra: Ture Andersen <ture.andersen2@bkkfiber.no>
Sendt: 29. juni 2017 18:44
Til: Postmottak Meland; Øyvind H Oddekalv
Emne: Kaien på Holmeknappen kan rasa ut

Kaien på Holmeknappen kan rasa ut

Underskrivne er eigar av ein av dei 51 lutane i Holmeknappen Bryggjelag. Meland kommune er også eigar av ein slik lut (som eigar av gnr. 10 , bnr. 3 på Holme). På årsmøtet i dette bryggjelaget i 2016 tok eg opp følgjande : På ei unormal stor fjøre i 2016 ; oppdaga eg frå min robåt utgliding av dei svære stein-blokkene nær botnen av kaien - det var stor opning mellom desse blokkene ca 3-4 meter frå steinknausen ved " Hopen ". På årsmøte i 2017 var dette også eit tema - men eg har ikkje sett at noko er gjort med saka.

I går var eg med min robåt ved denne kaien på vanleg fjøre sjø. Då oppdaga eg ein svært stor opning som ligg mellom betong - delen og mur-delen ; og går no mykje høgare opp - med minst ein halv meter opning..Denne kaien vart bygd i 1920 med hjelm-dykker som hjelpesmann. Før 1920 var det tre-kai der det no er mur og betong.

Holmeknappen og delar av Holme er regulert som kulturvernområde. Kystkulturdagane i siste veka av august samlar veteranfartøy som dampbåten " Oster " - og andre slike gamle båtar. Vonaleg går det bra i 2017 også - men ein storm frå vest / nordvest ; vil etter mi vurdering føra til at store delar av den gamle dampskipskaien på Holmeknappen vil rasa i sjøen.

For ca 30 år sidan gjorde ein vest-storm stor skade på kai-dekket ; og knuste betongen der til småstein. Den gongen kontakta me Statens Naturskadefond - og fekk økonomisk hjelp til å leggja armert betong som dekke på kaien. Formannen i Holmeknappen Bryggjelag er i dag opplyst om mine siste observasjonar kring denne kaien.

Mvh

Ture Andersen